



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
58/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.05.2022
61/2022	Kommunestyret	PS	14.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-242	20/763

NÆRINGSFOND I VAKSDAL KOMMMUNE

Vedlegg:

VAKSDAL NÆRINGSFOND VEDTEKTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Tidlegare næringsfond og landbruksfond blir slått saman til nytt næringsfond, som får namnet Vaksdal kommunale næringsfond
2. Tidlegare landbruksfond blir avslutta og midlar overført til nytt næringsfond
3. Grunnkapitalen til nye fondet blir sett til 7,0 mill
4. Foreslegne vedtekter vert vedteke for fondet
5. Fondsstyret vert vedteke og består av landbruksrådgjevar, økonomisjef, ordførar og kommunedirektør (leiar)

Tilleggsforslag frå Sp,SV,Høgre og Frp, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:

Som innstillinga i formannskapet med slikt tillegg:

§ 2 Føremål

Endre siste setning i første avsnitt til:

«Fondet kan nyttast til alle kommunale tiltak som kommunestyret vedtek.»

Nytt andre avsnitt.

«Vaksdal kommune sitt næringsselskap vert finansiert frå næringsfondet etter kommunestyret sitt vedtak i årsbudsjettet.»

Endringsforslag frå Arbeiderpartiet, ført inn i møteportalen av Ståle Hesjedal, Ap:

Endring i pkt. 4 i formannskapet si innstilling:

Samla finansiering frå fondet skal som hovudregel ikkje overstiga 30%, eller opp til 1 000 000 kroner av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 58/2022

FPØ - Behandling:

På vegne av Sp, SV, Høgre og Frp la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande forslag til vedtak:

1. Som innstilling
2. Som innstilling
3. Som innstilling
4. Foreslegne vedtekter for fondet vert vedteke med slike endringar:

§ 4 Stønadsvilkår:

Samla finansiering frå fondet skal som hovudregel ikkje overstiga 30%, eller opp til 300 000 kroner av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt.

Nytt punkt:

Det vert sett standard atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningsane ein finn naudsynt for sin kontroll.

§5 Forvaltning:

Kommunestyret oppnemner eit fondsstyre. Fondsstyret er formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) Fondsstyret handsamar innstilling frå administrasjonen med vedtak om tildeling.

5. Formannskap, plan og økonomiutvalet er fondsstyre

Formannskapet drøfta saka. Økonomisjef Kenneth Stokke svarte på spørsmål.

Det vart gjennomført punktvis votering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 1,2 og 3 vart samråystes vedteke.

Punkt 4 i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget sitt punkt 4. Fellesforslaget vart vedteke med 5 stemmer (H,SV,SP,Frp) mot 2 stemmer (Ap)

Punkt 5 i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget sitt punkt 5. Fellesforslaget vart samråystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Tidlegare næringsfond og landbruksfond blir slått saman til nytt næringsfond, som får namnet Vaksdal kommunale næringsfond
2. Tidlegare landbruksfond blir avslutta og midlar overført til nytt næringsfond
3. Grunnkapitalen til nye fondet blir sett til 7,0 mill
4. Foreslegne vedtekter for fondet vert vedteke med slike endringar:

§ 4 Stønadsvilkår:

Samla finansiering frå fondet skal som hovudregel ikkje overstiga 30%, eller opp til 300 000 kroner av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt.

Nytt punkt:

Det vert sett standard atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsynt for sin kontroll.

§5 Forvaltning:

Kommunestyret oppnemner eit fondsstyre. Fondsstyret er formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) Fondsstyret handsamar innstilling frå administrasjonen med vedtak om tildeling.

5. Formannskap, plan og økonomiutvalet er fondsstyre

Kommunestyret - Sak 61/2022

KOM - Behandling:

I samband med tilleggsforslag som omhandlar næringsselskap, stilte Ståle Hesjedal, Ap og Amalie Johnsen Lunde, H spørsmål om sin habilitet i saka, då dei begge er styremedlemmer i Vaksdal næringsselskap. Kommunestyret vedtok samråystes at dei ikkje er inhabil i saka.

På vegner av Sp, SV, Høgre og Frp la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande tilleggsforslag:

§ 2 Føremål

Endre siste setning i første avsnitt til:

«Fondet kan nyttast til alle kommunale tiltak som kommunestyret vedtek.»

Nytt andre avsnitt.

«Vaksdal kommune sitt næringsselskap vert finansiert frå næringsfondet etter kommunestyret sitt vedtak i årsbudsjettet.»

Kommunestyret drøfta saka.

Økonomisjef Kenneth Stokke stadfesta at framlagd tilleggsforslag ikkje vil få konsekvensar for noverande ordning med avsetting av midlar for næringsarbeid i kommunen.

Ordførar samtykka til Thor Andersen, Ap sin førespurnad om gruppemøte.

Arbeidarpartiet ved Ståle Hesjedal, Ap la fram alternativ forslag til vedtak for punkt 4 i formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Samla finansiering frå fondet skal som hovudregel ikkje overstiga 30%, eller opp til 1 000 000 kroner av den totale kapitaltrongen for eit prospekt.

Røysting

Formannskapet si innstilling punkt 1,2,3, og 5 vart samrøystes vedteke.

Formannskapet si innstilling, punkt 4, første del, vart sett opp mot Arbeidarpartiet sitt forslag til vedtak for punkt 4. Formannskapet si innstilling fekk 14 stemmer (Sp,SV,H og Frp) og vart vedteke. Arbeidarpartiet sitt forslag 7 stemmer (Ap,Krf) og falt.

Formannskapet si innstilling, punkt 4, siste del, vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget frå Sp,SV,Høgre og Frp vart samrøystes vedteke.

KOM - Tilråding/Vedtak:

1. Tidlegare næringsfond og landbruksfond blir slått saman til nytt næringsfond, som får namnet Vaksdal kommunale næringsfond
2. Tidlegare landbruksfond blir avslutta og midlar overført til nytt næringsfond
3. Grunnkapitalen til nye fondet blir sett til 7,0 mill
4. Foreslegne vedtekter for fondet vert vedteke med slike endringar:

§ 2 Føremål

Endre siste setning i første avsnitt til:

«Fondet kan nyttast til alle kommunale tiltak som kommunestyret vedtek.»

Nytt andre avsnitt.

«Vaksdal kommune sitt næringsselskap vert finansiert frå næringsfondet etter kommunestyret sitt vedtak i årsbudsjettet.»

§ 4 Stønadsvilkår:

Samla finansiering frå fondet skal som hovudregel ikkje overstiga 30%, eller opp til 300 000 kroner av den totale kapitaltrongen for eit prospekt.

Nytt punkt:

Det vert sett standard atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysingane ein finn naudsynt for sin kontroll.

§5 Forvaltning:

Kommunestyret oppnemner eit fondsstyre. Fondsstyret er formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) Fondsstyret handsamar innstilling frå administrasjonen med vedtak om tildeling.

1. Formannskap, plan og økonomiutvalet er fondsstyre

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommune har eit næringsfond som er blitt brukt til ulike formål gjennom vedtak/tildelingar, frå kommunestyre eller via budsjettvedtak. Det har ikkje vore eit styre som har forvalta fondet og fondet har derfor vært fleksibelt med tanke på bruk og tildelingar. Kommunen har også hatt eit landbruksfond med tildeling til føremål, etter gjeldande vedtekter og innkomne søknader.

Vaksdal kommune hadde oppe sak i kommunestyret 28.09.21, sak 90/2021, med ein oppstilling av alle dei ulike fonda kommunen er involvert i og har interesse av. Som eit utfall av denne saken blei det vedteke at det skulle komme opp ny sak kor det blei vurdert å slå saman tidlegare landbruksfond og næringsfond til eit nytt næringsfond. Saka skulle mellom anna skissere vedtekter og finansieringskjelder til fondet.

Formelt grunnlag

KOM sak 90/2021

Industrikonsesjonloven og vassdragsreguleringsloven med rundskriv H-1/11 (Rundskriv og standardvedteker for kommunalt næringsfond gitt i vannkraftsaker)

Vurdering og konsekvensar

I tråd med vedtak i sak 90/2021 er det utarbeida vedtekter til eit nytt næringsfond, som består av tidlegare næringsfond og tidlegare landbruksfond. Det tidlegare landbruksfondet hadde ikkje tilstrekkeleg tilførsel av kapital til at det var eit fungerande fond og dersom landbruket i kommunen i framtida skulle kunne nytta seg av tilskotsordningane i fondet, måtte fondet enten bli tilført kapital, eller bli slått saman med næringsfondet. I vedtak KOM 90/2021 blei det bestilt at det blei utarbeida nye retningslinjer til nytt fond som skulle bestå av tidlegare næringsfond og landbruksfond.

Etablering av nytt næringsfond med nye vedteker vil medføre at midlane blir utlyst med søknadsfristar, og foreslått tildelingar, som gjer at fondet blir meir tilgjengeleg innanfor fondsføremålet. Dette vil kunne skape press på fondet og medføre at nivå på fondskapitalen kan bli redusert over tid, ned mot grunnkapitalen. Av den grunn er det derfor foreslått ei øvre grense for årleg tildeling, som ligger på 30% meir enn året før sin tilførsel av kapital, jf forslag til vedteker.

Grunnkapitalen i det gamle landbruksfondet var 1,8 mill og i det gamle næringsfondet 5,9 mill. Forslag til grunnkapital i de nye næringsfondet er foreslått til 7,0 mill som er i nedre del dersom ein slår saman dei gamle grunnkapitalane. Likevel er det ein såpass stor sum at det vil kunne gje ei ok avkastning i det nye fondet, samt at det gjer det mogeleg å bruke mykje av fondet til føremålet.

I forslag til vedtekter for nytt fond blir ikkje landbruk omtala spesielt, og i det ligg det at landbruket blir sett på som ein næring på lik linje med andre næringar. Samanslåinga medfører at landbruket får tilgang til eit større fond enn dei har hatt tilgang til tidlegare og vil dermed kunne nytte godt at ein

samanslåing. Det er føreslått ei grense på opp til 1 mill i beløp pr tildeling og ein årleg maksimal ramme, men det er viktig å presisere at dersom det blir gitt mange nok slike tilskot, vil fondet etter kvart bli brukt opp.

Det er foreslått at det blir oppretta eit fondsstyre som tilrår utbetalingar og at det er formannskapet som vedtek utbetalingane. For at fondet skal fungere er det viktig at denne prosedyren blir fulgt i alle tildelingar og dette kan skape redusert fleksibilitet dersom, til dømes, formannskap/kommunestyre ønsker å nytta fondet i andre tildelingar/budsjettdisponeringar. Desse sakane må/bør då innom fondsstyret for handsaming før dei igjen blir vedteke av formannskapet.

Det er ikkje utarbeida eigne retningslinjer for fondet då ein del av dei tilhøva som ein pleier å ta med i retningslinjene allereie er tatt med i vedtekten.